

MJELSTAD OG STOKKE RØRLEGGERFORRETNING
AS
Fotlandsvegen 39
5282 LONEVÅG

Dato	12.05.2023
Vår referanse	2023/39266-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Malene Utkilen
E-post	Malene.Utkilen@vlfk.no
Telefon	94172524

Vedtak - dispensasjon frå byggegrense - midlertidig anlegg - gnr. 96 bnr. 24 - Osterøyvegen - Fotlandsvåg - Osterøy kommune

Vi viser til søknad av 03.03.2023, vidaresendt til oss i brev av 14.04.2023.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa mot Osterøyvegen for å etablere slamavskiljar på eigedomen gnr. 96 bnr. 24 i Osterøy kommune. Slamavskiljaren er på 4m³ og vil plasserast under bakkenivå. Det er søkt om midlertidig anlegg fram til realisering av reguleringsplan for Holmane næring, som vil inkludere etablering av vass- og avlaupsleidning fram mot Fotlandsvåg sentrum. Eigedomen vil bli pålagt å kople seg på dette anlegget når det blir bygd.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 567 for å plassere slamavskiljar på gnr. 96 bnr. 24 i Osterøy kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 03.03.2023.
2. Avstanden frå slamavskiljaren til senterlina på Osterøyvegen skal vera minst 8 meter.
3. Tiltaket må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
4. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 567.
5. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Tiltaket er av mindre omfang og under bakkenivå. Kommunen har pålagt søkar å etablere anlegget for å avgrense forureining i området, fram til det nye anlegget er etablert. Tiltaket vil ikkje kome i konflikt med realisering av reguleringsplan for Holmane næring.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå

vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen
fagkoordinator
INV - Forvaltning Bergensområdet

Malene Utkilen
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 situasjonsplan Situasjonsplan avlaupsanlegg.pdf.pdf